

Avtale

om arkivering og bruk av videoopptak.

Den _____ (dato) vart _____ (etter dette kalla forteljaren) intervjuet av _____ (etter dette kalla intervjuaren). Det vart gjort videoopptak av intervjuet.

Arbeidet var ein del av prosjektet _____, som er eit samarbeid mellom Memoar, _____ (etter dette kalla Museet) og _____.

Formålet er å samla munnleg kjeldemateriale om levd liv og historisk utvikling i _____

Samtykkeerklæring:

Eg samtykker i at opptaket vert gjort, og at Memoar etterpå lagrar opptaket som videofil. Eg (forteljar og intervjuar) har opphavsretten til opptaket og skal ha tilgang til det viss eg ynskjer.

Eg samtykker i at intervjuaren eller ein intervjuaren har tillit til kan laga ei stikkordsliste og eit tekstsamandrag som gir eit oversyn (dokumenterar) kva samtalen handlar om. Eg skal også få tilgang til logg og tekstsamandrag så snart dei er ferdige, og skal ha høve til å kommentera dei.

Eg samtykker i at Memoar kan avlevera originalopptaket saman med eventuell stikkordsliste og tekstsamandrag til Norsk Folkeminnesamling gjennom å lasta det opp til www.minner.no - Norsk etnologisk granskings innsamlings- og formidlingsbase. Der skal det fyrst berre vera tilgjengeleg for forskning.

Eg samtykker i at originalopptaket også kan avleverast til: _____, etter dette kalla Museet. Eg samtykker i at desse offentlege institusjonane får varig rett til å bruka opptaket i si faglege verksemd (utstillingar, forskning, formidling, publisering, utlån, magasinering, etc.) i samsvar med denne avtalen, norsk lov og [ICOMs museumsetiske regelverk](#).

Eg samtykker i at Museet og/eller Memoar kan lage ein *publiseringsversjon* av opptaket der eventuelle utsagn som Museet/Memoar meiner er i strid med god presseskikk eller med norsk lov, vert fjerna.

Eg samtykker i at publiseringsversjonen kan lastast opp på nett, men sperrast med eit passord som berre eg får tilgang til. Når eg (forteljaren) har gitt skriftleg melding om det, kan passordet fjernast. Eg er innforstått med at publiseringsversjonen då er offentleg tilgjengeleg, og at videoen også vil kunne delast på andre nettsider og i sosiale media.

Eg samtykker i at når eg sjølv ikkje lenger kan gi forskarar, kuratorar, forfattarar, filmskaparar eller andre med aktverdige formål, lov til å bruke opptaket eller deler av det i sitt arbeid, kan Museet forvalta mine opphavsrettar på mine vegner.

Dersom noko av det som står over ikkje er omfatta av mitt samtykke, har eg stroke over det med hand.

Stad og dato:

Underskrift forteljar

Namn:

F.dato:

Underskrift intervjuar

Namn:

F.dato: